STRYN KOMMUNE

STRYN KOMMUNE

Du ser det ikkje før du trur det

HANDLINGSPLAN MOT VALD OG OVERGREP I NÆRE RELASJONAR

Godkjent av Stryn kommunestyre KS-58/21, 14.06.2021

Innhald

1. Bakgrunn og innleiing ... 3
2. Aktuelle lover og forskrifter ... 3
Internasjonale føringar: ... 3
Nasjonale føringar: ... 4
Aktuelle lover: ... 4
3. Mål for tiltaksutvikling på tre nivå ... 4
Generelle mål: ... 4
Organisatoriske mål: ... 5
Brukarorienterte mål: ... 5
4. Definisjonar ... 5
5. Avgrensingar ... 6
6. Brosjyre ... 6
7. Omfang av vald og overgrep ... 6
7.1 Barn utsett for vald eller som vitne til vald ... 7
7.2 Vald og overgrep mot vaksne ... 7
8. Sårbare grupper ... 8
8.1 Vald og overgrep mot barn og unge ... 8
8.1.1 Vald overgrep mot barn og unge sett frå barnehage og skule ... 8
8.1.2 Vald og overgrep mot barn og unge sett frå helsestasjonen ... 10
8.1.3 Vald og overgrep mot barn og unge sett frå barneverntenesta ... 12
8.2 Vald og overgrep mot eldre ... 15
8.3 Vald og overgrep mot funksjonshemma ... 16
8.4 Personar med fleirkulturell bakgrunn og vald ... 17
9. Vald og overgrep relatert til rus ... 20
10. Rollen til dei ulike aktørar ... 21
10.1 Frivillige lag og organisasjonar si rolle ... 21
10.2 Politiet si rolle ... 22
10.3 Legetenesta si rolle ... 24
10.4 Tannhelsetenesta si rolle ... 25
10.5 Krisesenteret si rolle ... 25
10.6 Andre aktørar si rolle i høve seksuelle overgrep ... 26
10.6.1 NAV si rolle ... 26
11. Tiltak ... 27

11.1 Korleis nå dei ulike måla? 27
11.1.1 Kunnskap 27
11.1.2 Samarbeid 27
11.1.3 Betre føre var 28
11.1.4 Hjelpe- og behandlingstilbod til valdsutøvar - Familiekontoret 28
11.1.5 Hjelpe- og behandlingstilbod for barn som utøver vald - BUP Nordfjord 29
11.1.6 Prosedyrar 29

Vedlegg:

- Plan for tiltaksutvikling
- Prosedyre for valds- og overgrepssaker – barn og unge
- Prosedyre for valds- og overgrepssaker – vaksne
- «Frå bekymring til utgreiing og tiltak»
- Aktuell litteratur og lenkjer

1. Bakgrunn og innleiing

I brev frå sju ministrar datert desember 2008 vart alle kommunar i Noreg sterkt oppmoda til å lage handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Bakgrunnen er ei erkjenning av at slik vald er eit alvorleg samfunnsproblem og eit offentleg ansvar.

Kommunalsjef for helse og sosial i Stryn tok initiativ til at Stryn kommune laga handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar. Versjon 1 av planen vart godkjend av kommunestyret i 2011.

Handlingsplanen er skriven av ei tverretatleg og tverrfagleg samansett arbeidsgruppe. Deler av gruppa deltok i utdanninga «Vald og overgrep i nære relasjonar», i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vår og haust 2010. Kurset leda deltakarar inn i arbeid med handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar. Det er også laga ein nasjonal rettleiar om tema.

Det er tredje gongen handlingsplanen er revidert. Resultatet av arbeidsgruppa sin innsats, er dette dokumentet som vert lagt fram for politisk handsaming som versjon 3 av Stryn kommune sin handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar.

Instansar som har bidrege med informasjon og kompetanse til handlingsplanen er; innspel frå skule og barnehagar i Stryn kommune, helsestasjonen, barneverntenesta, Stryn og Vikane omsorgssenter, avdeling miljø og velferd, flyktningtenesta, politiet, legetenesta, NAV, Familiekontoret i Nordfjord, Barne- og ungdomspsykiatrien i Nordfjord og Den offentlege tannhelsetenesta. Informasjon om andre instansar er innhenta frå internett.

Regjeringa har stort trykk mot kommunane for å ha beredskap, serleg i høve vald og overgrep i nære relasjonar, og seksuelle overgrep mot barn. Det vert presisert at det kommunale tenesteapparatet har eit stort ansvar og er viktige aktørar når det gjeld å førebygge vald.

Innhaldet i handlingsplanen rettar seg mot alle i Stryn kommune som er utsett for vald i nære relasjonar. Den rettar seg også mot dei som skal hjelpe den valdsutsette i ein vanskeleg situasjon, og mot dei som er vitne til valden. Handlingsplanen peikar også på at valdsutøvar skal ha reaksjon, ofte behandling, i høve si valdsåtferd. Ynskjemålet er at handlingsplanen skal legge opp til samhandling mellom fleire samarbeidspartar slik at hjelpeapparatet i Stryn kommune kan yte effektiv hjelp. Handlingsplanen for Stryn kommune skal også vere ein reiskap både til konkret hjelp og som informasjon til alle innbyggarar i Stryn kommune om rett til og mulegheit for hjelp.

2. Aktuelle lover og forskrifter

Internasjonale føringar:

Internasjonale konvensjonar og traktatar forpliktar Norge å innarbeide eit bestemt innhald i eige lovverk og sjå til at avtalane realiserast i politisk, sosial og juridisk praksis. Menneskehandel, kjønnslemlesting, tvangsekteskap, vald mot kvinner og vald mot barn er døme på praksis som strid mot menneskerettane. Døme på konvensjonar som forpliktar Norge på området vald i nære

relasjonar er kvinnekonvensjonen og barnekonvensjonen som er avtaleområde under FNs menneskerettserklæring frå 1948. Her er det også viktig og nemne Istanbul – konvensjonen, som er ein internasjonal konvensjon om førebygging og bekjempelse av vald mot kvinner og vald i nære relasjonar. Stortinget vedtok i 2017 å ratifisere konvensjonen, og den blei ein del av norsk lov.

Nasjonale føringar:

I handlingsplanar og utgreiingar legg myndigheitene stor vekt på koordinering av ulike tenester sitt arbeid. Sidan 2004 er det lagt fram fire nasjonale handlingsplanar på område vald i nære relasjonar. I tillegg kjem handlingsplanar, offentlege utgreiingar og rettleiarar på ei rekke spesifikke område som ligg tett opp til eller kan inkluderast i temaområde vald i nære relasjonar, seksuelle overgrep mot barn, valdtekt, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Disse dokumenta legg overordna føringar for hjelpetiltak og førebyggande innsats i kommunane.

Aktuelle lover:

Kommunane sitt tilbod til innbyggarane aktualiserast gjennom ei rekke lover. Døme på lover som aktualiserer og grunngjev kommunen sin innsats på område vald i nære relasjonar er:

Alminneleg borgarleg straffelov (Straffelova)
Lov om rettergangsmåten i straffesaker (Straffeprosesslova)
Lov om kommunale krisesenter tilbod
Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga
Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m
Lov om spesialisthelsetenestene
Lov om erstatning frå staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m
Lov om pasient- og brukarrettar
Lov om folkehelsearbeid
Lov om folketrygd
Lov om barn og foreldre
Lov om barnevern
Lov om psykisk helsevern
Lov om ekteskap
Lov om grunnskulen
Lov om vidaregåande opplæring
Lov om barnehage
Lov om helsepersonell
Europarådets konvensjon om forebygging og bekjempelse av vold mot kvinner og vold i nære relasjoner CETS 210
Forskrift om Kommunens helsefremmende og førebyggjande arbeid i helsestasjon- og skulehelsetenesta
Akuttmedisinforskrifta

3. Mål for tiltaksutvikling på tre nivå

Generelle mål:

- Styrke kunnskapen i Stryn kommune om vald og overgrep i nære relasjonar
- Informasjon om rettar og mulegheiter til hjelp for alle i Stryn kommune

- Påverke haldningar og auke fokus på problemet vald og overgrep i nære relasjonar

Organisatoriske mål:

- Styrke kunnskapen om vald og overgrep i nære relasjonar i kommunalt hjelpeapparat
- Prosedyrar for tilsette i Stryn kommune for å handtere aktuelle saker
- Spesifikk opplæring i å handtere aktuelle saker som gjeld vald og overgrep i nære relasjonar
- Samarbeid mellom Stryn kommune og frivillige lag/organisasjonar

Brukarorienterte mål:

- Alle i Stryn kommune skal vite kor dei skal vende seg for å få hjelp
- Konkrete tilbod om hjelp, individuelt vurdert i dialog med valdsutsette
- Fokus på utøvar av vald og overgrep i nære relasjonar

4. Definisjonar

Vald: «Vold er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil.» (Per Isdal, 2000)

Dette er ein vid definisjon av vald som peikar på at vald er meir enn den fysiske valden som kanskje er mest synleg på offeret.

Med nære relasjonar meiner vi: Familie, slekt og ulike personar som den utsette har tillit til.

Handlingsplanen omfattar ulike typar vald; fysisk vald, psykisk vald og seksuell vald. Nokre stader i handlingsplanen omtalar vi vald og overgrep saman. Omgrepet overgrep forsterkar og utdjupar definisjonen av vald som vi har valt å bruke.

Det finst mange ulike formar for vald. Vi har valt å legge ved definisjonar av ulike formar for vald. Lista er ikkje uttømmande, men ei oversikt over dei mest vanlege formar for vald. Ulike formar for vald kan både gripe over i kvarandre og opptre samtidig i eit valdeleg forhold.

Fysisk vald:

All vald om inneber fysisk kontakt; Spark, slag, lugging, biting, kloring, fasthalding, risting, skubbing, kvelartak. Innesperring og isolasjon er og former for fysisk vald.

Psykisk vald:

Bruk av ord og stemme som truger, skadar, krenkar eller kontrollerer andre. Å nedvurdere, vere likegyldig til og audmjuke andre er også former for psykisk vald. Døme er: «Eg skal drepe deg» «Du er ikkje verdt noko» «du er så stygg og feit at ingen kan vere glad i deg».

Materiell vald:

Knusing, øydelegging og kasting av gjenstandar, slag i veggar og dører og liknande.

Seksuell vald:

Alle former for seksuelle krenkingar. Døme: Handlingar eller forsøk på handlingar som inneber fysisk kontakt som berøring, beføling, slikking, suging, masturbasjon, samleieliknande handlingar, samleie og valdtekt. Handlingar eller forsøk på handlingar utan fysisk kontakt som seksualisert tilsnakk, blotting, fotografering, kikking og framvising av pornografi.

Økonomisk vald:

Kontroll over andre sin økonomi, den eine partnaren nektast å ha kontroll over eigen eller felles økonomi.

Latent vald:

Vald som «ligg i lufta», ei spesiell stemning før eller etter ein valdsepisode.

Oppdragarvald:

Fysisk og psykisk straff som ein del av oppsedinga for å endre åtferda til barn og unge.

Strukturell vald:

Ei form for vald der sosiale strukturar eller sosiale institusjonar skadar menneske gjennom å hindre at deira grunnleggande behov blir oppfylt.

Digital vald:

Trugsmål eller trakassering via meldingar, overvaking og kontroll via mobiltelefon eller sosiale media. Stygge meldingar posta på nett. Inneber også trugsmål, trakassering og seksuelle overgrep som følgje av kontakt etablert på nett.

5. Avgrensingar

Handlingsplanen mot vald og overgrep i nære relasjonar er laga for alle innbyggarar i Stryn kommune. Alle kan vere utsett for slik vald, uavhengig av kjønn, alder, status eller bakgrunn. sHandlingsplanen har *likevel* eit særleg blikk på enkelte sårbare grupper; barn og unge, eldre, funksjonshemma og personar med fleirkulturell bakgrunn.

6. Brosjyre

Handlingsplanen rettar seg også mot eit samla hjelpeapparat i Stryn kommune. Privatpersonar og frivillige aktørar er viktige støttespelarar for det offentlege hjelpeapparatet. Vi har derfor valt å lage ei brosjyre som er sendt ut til alle huslydane i kommunen. Brosjyra byggjer på handlingsplanen, og er ein kortversjon av denne. Brosjyra fortel kvar ein kan vende seg dersom ein får mistanke om eller blir vitne til vald i nære relasjonar. Den gir informasjon om korleis offentlege aktørar og frivillige arbeider mot vald og overgrep i nære relasjonar. Brosjyra er å finne på heimesida til Stryn kommune: www.stryn.kommune.no saman med sjølve handlingsplanen og andre relaterte lenkjer.

7. Omfang av vald og overgrep

Statistikken syner at mange personar i Noreg lever i familiar der vald og overgrep skjer. Statistikken syner også at kvinner er mest utsett for vald. Kvinner er mest utsett for grov vald, ofte frå menn. Det

er også kjent at menn er utsett for vald i nære relasjonar. Ein reknar med at mørketala er store, men at eit auka fokus på problema vil avdekke fleire valdssaker og dermed få ned mørketala.

Tal frå nasjonal statistikk syner omfang av problemet.

7.1 Barn utsett for vald eller som vitne til vald

Vi har henta informasjon frå Folkehelserapporten frå Folkehelseinstituttet (FHI) 2018. I denne finn vi at om lag 1 av 20 born og unge veks opp under tilhøve prega av vald. Andelen har vore stabil over tid. Mindre alvorleg fysisk vald mot born og unge har blitt redusert, og er på om lag 1 av 5. Nedgangen ser ut til å ha stogga siste åra. Meir alvorleg vald skjer sjeldnare, og førekomsten ser ut til å halde seg stabil.

Når det gjeld seksuelle overgrep, seier 1 av 5 jenter, og 1 av 14 gutar at dei har opplevd dette i barne- og ungdomsåra. Omfanget av seksuelle overgrep aukar frå barnealder til ungdomsskulealder, med ei markant auke når puberteten byrjar (Kloppen, 2016 i Folkehelserapport 2018). Jenter og kvinner er meir utsett for seksuelle overgrep enn menn, men og gutar opplever seksuelle overgrep. Både mødre og fedre utøver fysisk vald mot born, men det er hovudsakleg menn som utøver seksuelle overgrep.

Vald mellom foreldre er ei skremmande oppleving. Derfor reknar dei ofte dette som ein type vald mot born. Nærmare 1 av 20 (4%) unge har opplevd alvorleg vald mot mor, medan 1 av 50 (2%) har opplevd alvorleg vald mot far.

Vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt i barndom, aukar risiko for alvorlege fysiske og psykiske helseplager. Det er dessverre store mørketall for omfanget av vold mot born og unge. Inntil ganske nyleg, har det vore ein føresetnad for forsking retta mot born, at foreldre har gjeve samtykke til dette. I 2017 kom ei ny forskrift som opnar opp for at born frå tolv år har sjølv rett til å samtykke til deltaking i medisinsk og helsefagleg forsking. NKVTS held på med ein stor omfangsundersøking om born og unge, og i kor stor grad dei er utsett for vald og overgrep. I denne undersøkinga nyttar dei den nye forskrifta, og det blir kartlagt erfaringar med vald og overgrep blant ungdom i alderen 12 til 16 år.

7.2 Vald og overgrep mot vaksne

I spørjeundersøkingar viser tall at i vaksen alder, er kvinner og menn omtrent like ofte utsett for mindre alvorleg partnarvald. Når det gjeld meir alvorlege former for partnarvald, er kvinner oftare utsett for dette enn menn.

Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) held på med ein omfangsundersøking om vald og overgrep i perioden 2018 – 2023. Førre rapport blei gjennomført i 2014, og der fann dei eit stort omfang av vald og overgrep mellom vaksne i nære relasjonar (rapport 1/2014; Vold og voldtekt i Norge). Her er nokre resultat frå undersøkinga:
Førekomst av valdtekt nokon gong i løpet av livet var 9,4 % hjå kvinner og 1,1 % hos menn.

Halvparten (49%) av kvinnene som rapporterte valdtekt hadde opplevd valdtekt før fylte 18 år.

Seksuelle overgrep mot kvinner var utført av menn. Også overgrep mot menn vart stort sett utført av menn. Overgripar var oftast vener, kjende, nabo, kollega, noverande eller tidlegare kjærast/ partnar.

45,5% menn hadde opplevd alvorleg vald minst ein gong etter fylte 18 år. 22,5% kvinner hadde opplevd alvorleg vald minst ein gong etter fylte 18 år. Fleire kvinner enn menn opplevde alvorleg vald frå partnar eller tidlegare partnar. Menn var mest utsett for alvorleg vald frå ukjende og frå venner, kjende, naboar og kollegaer.

Personar utsett for alvorleg vald og / eller valdtekt rapporterte dårlegare psykisk helse enn ikkje-utsette. Dette galdt både menn og kvinner.

I levekårsundersøkinga i 2018 gav om lag 1 av 20 av befolkninga i alderen 16 år og eldre opp at dei i løpet av siste året hadde vore utsett for vald eller truslar om vald. Dette er ein høgare del enn i 2012 og 2015, Det samla omfanget av ofre for vald og truslar om vald, er midlertidig noko lågare i 2018, enn i dei tidlegare undersøkingane i perioden 1987 – 2007 (SSB. Utsatthet og uro for lovbrudd levekårsundersøkelsen 2018).

8. Sårbare grupper

Sjølv om alle i Stryn kommune kan vere utsett for vald og overgrep i nære relasjonar, vil dette avsnittet gi ein presentasjon av sårbare grupper som vi vil ha eit særleg blikk på. Det gjeld barn og unge, eldre, funksjonshemma og personar med fleirkulturell bakgrunn.

8.1 Vald og overgrep mot barn og unge

Vald og overgrep mot barn og unge er eit samfunnsproblem ein treng å ha auka fokus på. Mange barn og unge lever med daglege fysiske, psykiske og seksuelle overgrep. Temaet er tabubelagt, og for mange bunde saman med skuld og skam og noko ein ikkje snakkar om. Vald og overgrep påfører barna smerte og skader, og i nokre tilfelle skader som varer livet ut.

8.1.1 Vald overgrep mot barn og unge sett frå barnehage og skule

«Taushet er medskyldighet», uttaler fagfolk på området vald og overgrep i nære relasjonar.
Det finns mykje kunnskap om risiko og konsekvensar for barn som veks opp med rus, vald og overgrep. Gevinsten ved å kome tidleg inn, er stor. Barna må få hjelp før dei blir påført vesentleg skade.

Skular og barnehagar er institusjonar som har nær kontakt med alle barn, og som observerer korleis barn har det kvar dag over lengre tidsrom. Desse er difor særleg viktige i dette arbeidet.

Det er lovpålagt opplysingsplikt og meldeplikt til barnevernet for alle som arbeider i offentlege instansar og tenester, og for organisasjonar og private som utfører arbeid eller teneste for stat, fylkeskommune eller kommune, jf. Lov om barnevern § 6-4. Opplysingsplikta gjeld også for ei rekkje yrkesutøvarar med profesjonsbestemt teieplikt, uavhengig av om vedkomande arbeider i det offentlege eller i det private. Det gjeld mellom anna for legar, sjukepleiarar, psykologar, tannlegar,

jordmødrer og fysioterapeutar. Opplysingsplikta er eit sjølvstendig og personleg ansvar. Det inneber at om du for eksempel har varsla leiaren i din barnehage eller skule, og ikkje noko skjer, så har du ikkje oppfylt opplysingsplikta di. For at opplysingsplikta skal være oppfylt, må det meldast frå til barneverntenesta. Du har opplysingsplikt til barneverntenesta når du har grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller utsett for andre former for alvorleg omsorgssvikt, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar. Det er barnevernet som har ansvar for å undersøke.

«Barnet sitt beste»

Som leiar eller tilsett i barnehage eller skule, er det viktig at vi vågar sjå dei valdsutsette barna.

Vi må alle tore å sjå – høyre – og føle!

Magekjensla kan hjelpe deg til å setje i verk livreddande tiltak for eit barn som lir.
Vi veit at desse barna er der. Difor oppmodar vi deg til å våge å gripe tak i problemstillinga. Kor mange gongar har de diskutert det barnet de synest det er noko med? «Det er noko med den ungen….»

Korleis auke kompetansen for å vere rusta til å takle mistanke om vald og overgrep mot barn?

- Lær kva som er normalt hos barn.
- Våg å ta uro for eit barn på alvor; «…det er noko med den ungen…»
- Ikkje gå med «lupe» – ikkje alle barn er utsette for vald.
- Ikkje gå med «skylappar» – barnet kan være utsett for vald.
- Aksepter at dette tabuområdet kan vere vanskeleg å forstå.
- Ikkje tenk på problemet som «ikkje mitt bord».
- Ikkje unngå problemet fordi det kan vekke ubehag.

Kva treng vi for å hjelpe barnet?

- Prosedyre for korleis ein går fram når ein avdekker eller har mistanke om vald og overgrep mot barn.
- Kontaktpersonar i barnevern og politi, eventuelt familievaldskoordinatoren i politidistriktet.
- Kompetanse i det å ta «den vanskelege samtalen» med barnet.

Prosedyre og kontaktpersonar må vere kjende for alle tilsette ved barnehagen/ skulen. Dette må takast opp kvart år.

Kva gjer du om du får mistanke om vald og overgrep?

Det er behov for avdekkande samtale når barn på ulike måtar gjev signal om at dei har det vanskeleg. Og dersom barnet fortel oss om konkrete erfaringar og opplevingar som gjer oss bekymra.

Generelle prinsipp i samtalesituasjonar:

- Vis interesse, ver mottakeleg og nøytral.
- Gjenta det barnet seier.
- Inviter til samtale på bakgrunn av barnet sine signal.
- Ver til stade, nærverande og ha tid til barnet.
- Ikkje press, men legg til rette for at barnet kan fortelje.
- Bruk hypotetiske spørsmål. Døme: «Kva kan skje om nokon får vite …?»
- Vi må tole usikkerheit utan å handle.
- Vi må støtte barnet sine kjensler før vi forklarar.
- Hugs: Det er barnet som avdekker, ikkje den vaksne.
- Lov aldri barnet at du ikkje skal seie det til nokon.

- Noter ned/dokumenter det som vert sagt
- Still opne spørsmål, ikkje legge ord i munn.

Bruk prosedyre for korleis ein går fram når ein avdekker eller har mistanke om vald og overgrep mot barn. Sjå vedlegg «Frå bekymringsmelding til utgreiing og tiltak».

8.1.2 Vald og overgrep mot barn og unge sett frå helsestasjonen

Brukargrupper/menneske som helsestasjonen er i kontakt med gjennom sitt arbeidet er:
Gravide, sped- og småbarn, skulebarn, ungdom, foreldre og andre, med hovudvekt på barn og unge 0-20 år.

Helsestasjonen har ei viktig rolle i å førebygge vald og å oppdage vald:

- Ved å gje informasjon til gravide/foreldre/barn på dei arenaer der dette er naturleg.
- Stille dei rette spørsmåla og bruke anbefalte metodar i samtale med barn/foreldre.
- Stå på til vi har funne ei løysing på problemet. I saker der vald og svikt i omsorg er tema, stiller det ekstra krav til godt samarbeid mellom etatar og fagfolk i det kommunale hjelpeapparatet.
- Bryte ned tabu omkring vald og overgrep i nære relasjonar, skape haldningsendring og synleggjere den valden som fins.

Alle kan bli offer for vald. Offer er aldri ansvarleg for vald.

Basis for utvikling hos barn er tryggleik.

Normal utvikling

Barn si utvikling er i sterk grad avhengig av både arv og miljø. Dette viser seg igjen i barnet si personlege utvikling. Det forsiktige barnet vil kunne utvikle seg seinare enn eit barn som er uredd, og som prøvar seg på stadig nye utfordringar. Ei av dei viktigaste drivkreftene for at sped- og småbarn kan få utvikle dei ibuande mulegheitene som ligg klare i sentralnervesystemet, er at foreldre og søsken leiker med og aktiviserer barnet.

Omvendt kan utviklinga bli hemma i ulik grad, ved ugunstige oppvekstvilkår. I ekstreme tilfelle kan dette til og med hemme lengdeveksten.

Vald påverkar barnehjernen slik at barnet får:

- ein hjerne i kronisk beredskap.
- innverknad på konsentrasjon, minne og evne til innlæring.

Valdsprega barn viser uro, impulsivitet, konsentrasjonsproblem, åtferdsproblem, lærevanskar, sårbarheit og blir lett stressa. Vald rammer barnet også når det er barnet sin omsorgsperson som blir utsett for valden. Det å vere vitne til at mor blir utsett for vald av far, er like skadeleg som om det var barnet sjølv som blei utsett for vald. Konsekvensen er like alvorleg, anten barnet er direkte eller indirekte utsett for vald.

«Skjulte» psykososiale og fysiske problem

Dei fleste barn er på helsestasjonen ved 1, 2, 4 og 6 år.
Tilsette ved helsestasjonen møter mange foreldre som er bekymra for åtferdsvanskar, emosjonelle

problem og kroppslege symptom hos barnet og mange symptom førekjem normalt og hos barn flest. Først når mange symptom førekjem samtidig, opptrer hyppig og i tillegg varer over tid, kan ein tenkje at barnet, og dermed familien, kan ha vanskar.

Svikt i omsorg

Svikt i omsorg skjer når foreldre eller dei som har omsorg for barnet, påfører det psykisk eller fysisk skade eller forsømmer det så alvorleg at barnet si fysiske eller psykiske helse og utvikling er i fare. Følgjer for det enkelte barnet er avhengig av grad av traume og kva slags traume barnet lever med. Eit sårbart barn er meir utsett for å få alvorleg psykisk skade enn eit robust barn. «Løvetannbarna», dei som er meir robuste, kan klare seg bra gjennom livet, sjølv om dei blir utsette for svikt i omsorga.

Varselsymptom hos barnet i høve vald:

- Barn som tidlegare fungerte godt, regredierer kraftig/systematisk/langvarig - det vil seie å gå tilbake i ferdigheit eller åtferd, eller dei taper spontanitet, glede og livsutfalding. Lett grad av regresjon kan ein også sjå som normalt fenomen, for eksempel ved sjalusi når mor kjem heim frå fødeavdelinga med ein bror/søster.
- Barn kan ha/ få forseinka psykomotorisk utvikling, spesielt språkleg.
- Tilknytingsprosessen til nære omsorgspersonar blir forstyrra i 1. og 2. leveår. Kan vise seg gjennom klenging/lite diskriminering når dei tek kontakt med andre.
- Leiker meir ukonsentrert og oppstykka enn før, og får problem i samleik.
- Får dårleg sjølvbilde, blir usikre, triste, nokon blir kjekkasar, andre skye, og dei blir underytarar i forhold til sine føresetnader.
- Veksten kan i alvorlege tilfelle vere dårleg, og barna viser teikn på mistrivsel.

Dess fleire risikofaktorar eller symptom der er i kvart enkelt sak, dess større grunn til bekymring.

Helsestasjonen si oppgåve er å kjenne til kva som er vanleg og reagere på signal som barn sender ut. Vi må reagere på opplysningar som kjem fram i kontakt med barnet/ foreldre.

Teieplikta vår – er den til hinder eller nytte for brukaren!

Det er viktig å uttrykke uro for eit barn sin situasjon, overfor foreldra. Er vi i tvil om korleis vi skal gå vidare i ei sak, kan vi drøfte saka anonymt med andre etatar. Har vi bestemt oss for å opplyse barnevernet om forhold, må vi som lege eller helsesøster først fortelje foreldra at vi vil gjere dette.

Det er lovpålagt opplysingsplikt og meldeplikt til barnevernet for alle som arbeider i offentlege instansar og tenester,

NB! I saker der det er misstanke om vald og/eller overgrep skal ein IKKJE ta kontakt med foreldre/omsorgspersonar før ein melder vidare

Kvifor fortel ikkje barn?

- Hendinga blir meir «verkeleg» når ein set ord på det som skjedde.
- Barnet kan kjenne ubehag ved å minne seg sjølv om hendinga.
- Barnet kan vere utsett for trussel frå nokon.
- Barnet vil «ta vare på» foreldra.
- Barnet har eit ynskje om å vere vanleg.

8.1.3 Vald og overgrep mot barn og unge sett frå barneverntenesta

Barneverntenesta er avhengig av at nokon melder i frå når ein er utsett for vald, har sett nokon bli utsett for vald eller har mistanke om at nokon blir utsett for vald. Med vald meiner barneverntenesta både psykisk, fysisk og seksuell vald.

Saksgang ved bekymringsmelding

- Ei veke til å bestemme om ein skal henlegge saka, eller gå til undersøking etter Lov om barnevern § 4-3.
- Veka kan brukast til avklaringar med den som melder saka.
- Melder av bekymringa får tilbakemelding om at meldinga er motteke, og offentlege meldarar får brev om ein har avslutta saka, eller gått vidare til undersøking.

Går meldinga vidare til undersøking, har barneverntenesta ein tidsfrist på 3 månadar for å ferdigstille den. I spesielle tilfelle kan fristen utvidast til 6 månadar. I saker som gjeld fysiske, psykiske og seksuelle overgrep vurderer barneverntenesta alltid kven ein skal snakke med først av barnet og/eller foreldra. Ei sikkerheitsvurdering for den eller dei som er valdsutsette blir vurdert før barneverntenesta handlar.

I undersøkingsfasen blir følgjande gjort:

- Samtalar med foreldra.
- Samtalar med barnet/barna
- Innhenting av opplysningar frå instansar barnet har vore i kontakt med (t.d. barnehage, skule, helsestasjon, PPT, BUP, lege, tannhelsetenesta etc.)
- Ev. innhenting av opplysningar kring foreldra (t.d. lege, politi, psykiatritenesta, familiekontoret etc.)
- Heimebesøk for observasjon av samspel.

Når undersøkinga er gjennomført, gjer barneverntenesta ei tiltaksvurdering. Ein har tre alternativ; avslutte saka, tilvise til andre instansar (t.d. BUP, Familiekontoret) eller frivillige hjelpetiltak. Offentleg meldar får tilbakemelding om undersøkinga blir henlagt, eller om det blir sett i gang hjelpetiltak.

Svært sjeldan blir barn akuttplassert etter Lov om barnevern § 4-6 på grunnlag av barneverntenesta si vurdering. Fylkesnemnda for barnevern- og sosiale saker avgjer om vilkåra for akuttplassering er oppfylt. Avgjersla gjort av Fylkesnemnda for barnevern- og sosiale saker kan ankast til Tingrett og Lagmannsrett.

I nokre tilfelle konkluderer barneverntenesta med at omsorgssituasjonen til barnet ikkje er god nok. Anten at hjelpetiltak ikkje fungerer eller ikkje nyttar. Saksframlegg blir sendt inn til Fylkesnemnda for barnevern- og sosiale saker med forslag om omsorgsovertaking etter Lov om barnevern § 4-12. Fylkesnemnda for barnevern- og sosiale saker avgjer om barneverntenesta sine vurderingar er gode nok, og det blir halde eit forhandlingsmøte med rettssaksliknande prosessar. Alle partar er representert med eigne advokatar, og vitne blir avhøyrt. Avgjersla i Fylkesnemnda for barnevern- og sosiale saker kan ankast til Tingrett og Lagmannsrett.

Døme på ulike hjelpetiltak barneverntenesta har:

- Råd og rettleiing
- Tilsyn
- Miljøarbeidar i heimen (som kan jobbe med struktur, rutinar, hygiene, leksesituasjonar etc.)

- Besøksheim/avlasting
- Støttekontakt
- Økonomisk hjelp (t.d. barnehage, SFO, fritidsaktivitetar)
- Interkommunalt heimebasert tiltak (systematisk foreldrerettleiing som PMTO, Marte Meo, VIT, Familieterapi, COS)
- Foreldre og barn senter
- Funksjonell Familieterapi
- Foreldre kan også samtykke til plassering av barnet ut av heimen for ein periode.

Spesielt for valdssaker:

- Barneverntenesta konfererer **alltid** politiet anonymt i saker der det er utøvd, eller er mistanke om, vald eller andre overgrep. Saman med politiet blir det gjort ei risikovurdering.
- Det blir avgjort om barnevernet skal setje i gang ordinær undersøking, eller melde saka direkte til politiet. Det er alltid barnevernet som tek stilling til om saka skal meldast til politiet eller ikkje.
- Barneverntenesta er med som bisitjar dersom politiet vel å sende barnet/barna i tilrettelagt avhøyr på Barnehuset.
- Barnevernet vurderer om det er trygt for barnet å reise heim etter avhøyret, med bakgrunn i informasjonen som kjem fram på Barnehuset og i avhøyr av foreldra.
- Dersom ein vurderer at barnet kan reise heim etter avhøyr, kan barnevernet sette inn umelde tilsyn i heimen som førebyggande tiltak i undersøkingsperioden.

Barneverntenesta nyttar seg mykje av kompetansen til Barnehuset, RVTS (Ressurssenter mot vald og traumatisk stress), BUP, juristar og politiet i desse sakene.

Oppdragarvald

Bruk av fysisk og psykisk straff i oppdraginga er vald mot barn. Vi snakkar om instrumentell oppdragarvald, som er kontrollert og har ein intensjon. Valden utøvast for å korrigere og kontrollere åtferda hos barnet. Vidare snakkar vi om impulsiv oppdragarvald. Denne valden er spontan, ukontrollert og styrt av kjensler som sinne, frustrasjon og aggresjon. Jf. handlingsplanen sin definisjon av vald og overgrep som omfattar både fysisk vald, psykisk vald (t.d. truslar) og seksuell vald. Vald omfattar både at ein person aktivt utøver vald og det at personen hindrar nokon å gjere det ho eller han vil.

I Noreg er vi vant til å tenke at oppdragarvald er kulturell, og mest brukt av menneske frå andre og fjerne kulturar. Men i verkelegheita er oppdragarvald også brukt av etniske norske, som systematisk eller spontan del av oppdraginga av barn.

Oppdragarvald oppstår oftast i situasjonar der foreldre skal sette grenser for barna sine, i mangel på reiskap for god kommunikasjon. Ein ser at denne metoden for grensesetting av barna sine, går frå generasjon til generasjon.

Det er samanheng mellom fysisk straff og følgjande åtferd hos barnet;

- Mindre evne til å vurdere rett og galt. (Minsking i moralsk internalisering.)
- Auka aggresjon hos barnet.
- Auka antisosial åtferd hos barnet.

- Dårlegare kvalitet i relasjonen mellom foreldre og barnet.
- Auka risiko for dårlegare helse hos barnet.
- Auka risiko for å bli offer for fysisk mishandling.
- Auka aggresjon i vaksen alder.
- Auka kriminell og antisosial åtferd i vaksen alder.
- Auka risiko for å mishandle eigne barn eller partnar.

Verkty for å møte oppdragarvald er førebygging, informasjon, haldningsendring og åtferdsendring til ikkje-valdelege alternativ. Dette må gjerast i eit samarbeid mellom foreldra og fleire instansar som har fokus på barn og vaksne, t.d. barnevern, politi, helsestasjon, barnehage/skule og psykiatriteneste både for barn og vaksne.

Barnevernet sine vurderingar av vald og overgrep i nære relasjonar

Barneverntenesta i Stryn kommune ser svært alvorleg på saker der det er mistanke eller avdekka vald og overgrep. Desse sakene blir alltid undersøkt. Dei fleste sakene blir drøfta med politiet anonymt, og det er lav terskel for å melde saker til politiet.

Barneverntenesta si oppgåve er etter formålsparagrafen i Lov om barnevern § 1-1;

- Å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira sin helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

- Å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

All forsking og erfaringar viser at det er like skadeleg å vere vitne til vald som å vere utsett for vald. Å vere vitne til eller utsett for fysiske eller psykiske overgrep, kan gjere at barnet kjem i ei skeivutvikling. Redde og bekymra barn får ikkje utvikla hjernen sin adekvat. Barn skal ikkje vere redde heime, då heimen skal vere den tryggaste plassen for alle. Barneverntenesta er opptekne av å stoppe valden umiddelbart, og gje foreldra andre reiskap i oppsedinga av barna. I mange høve vil ikkje foreldre erkjenne valden, det er vanskeleg å ta inn over seg kva følgjer vald har for barna, og endring av fastlåste mønster i oppsedinga tek tid å endre. Sjølv om dette er moment som barnevernet har forståing for, er barnevernet si oppgåve å ha størst fokus på barnet.

Det er ikkje alltid barna har tid til å vente på foreldra sin endringsprosess.

Utfordringa til barnevernet er å få tak i desse sakene. Ein ser at heile lokalsamfunn kan vite om folk som blir utsett for vald, utan at det blir meldt i frå. Ein veit at endringsarbeid er enklare, jo tidlegare ein kan sette inn tiltak. Det krev eit tett samarbeid mellom dei ulike hjelpeinstansane i tillegg til kompetanseheving på tema. Vald er framleis eit tabu, og hjelpeapparatet vegrar seg for å ta tak i mistankane sine i desse sakene. Barneverntenesta ynskjer å vere med i diskusjonar, dele erfaringar og lære opp/bli lært opp kring tema for å fanga opp fleire av sakene på tidleg tidspunkt.

8.2 Vald og overgrep mot eldre

Valden har inga aldersgrense.

WHO definerer overgrep mot eldre i Torontoerklæringa (2010) som «*enkeltstående eller gjentatte handlinger, eller mangel på riktige handlinger, som forårsaker skade, nød eller lidelse for en eldre person. Overgrep skjer i forhold til hvor det i utgangspunktet er en forventning om tillit*».

Overgriparen er som regel nokon som står offeret nær. Det gjer at den eldre kjenner seg svært uttrygg. Den psykiske skaden kan i mange høver vere verre enn dei fysiske. Den kan vare i lang tid. Det kan vere vanskeleg for den eldre å melde overgrep. Dette gjeld sjølv når dei er livredde for gjerningspersonen (politiet.no).

Truleg er det innan økonomiske, materielle og strukturelle overgrep at det er størst underrapportering.

Overgripar kan vere barn, barnebarn, ektefelle, andre nære og tilsette i hjelpeapparatet. Overgrep kan skje både i heimen og i helseinstitusjonar.

Risikofaktorar for overgrep hos eldre kan vere sjukdom eller funksjonssvikt, isolasjon og lite eller dårleg fungerande sosialt nettverk. Risikofaktorar kan og knytast til overgriper i form av rus, psykisk sjukdom eller omsorgsbelastning. Barrierar for å få gjeve hjelp kan ligge hos den eldre sjølv, i hjelpeapparatet eller hos andre som mistenker eller observerer overgrep.

Mange eldre trur at dei sjølve har skulda for krenkingane. Dei kan og prøve å halde ut valden, då dei er nært knytt til overgripar. Dei kan vere avhengige av overgripar, samtidig som overgripar er avhengig av den eldre.

Ein trygg alderdom er ein grunnleggande verdi i det norske samfunnet. Ingen skal vere nøydde til å halde ut fysisk eller psykisk misbruk. I ein nasjonal førekomststudie frå 2017, viser resultatet av denne, at vald mot eldre er eit alvorleg samfunnsproblem. Rapporten peiker og på nokre moglege samanhengar mellom det å vere valdsutsett og sosiodemografiske tilhøve, opplevd helse og livskvalitet, og om det å ha vore utsett tidlegare i livet har påverknad for om ein er utsett når ein blir eldre (Vold og overgrep mot eldre personer i Norge; En nasjonal førekomststudie. Oslo; Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress. Rapport 9/2017).

Studien viser at den samla førekomst av vold og overgrep mot eldre, heimebuande personer etter fylte 65 år, var mellom 6.8 og 9,2 %. Der var ikkje signifikante funn på forskjellar mellom kjønna, men det var mest førekomst av psykiske overgrep, etterfylgt av fysisk vald (ibid.).

Risiko for å bli utsett for vald og overgrep i eldre år er større dersom den eldre har vore utsett tidlegare i livet. I førekomststudien var det flest menn som hadde opplevd fysisk vald, medan flest kvinner hadde vore utsett for seksuelle overgrep.

Det var og signifikant fleire utsette kvinner, ikkje menn, som var separert eller fråskilt samanlikna med personer som ikkje hadde vore voldsutsett.

Dei som hadde vore utsett for vald eller overgrep tidlegare i livet, hadde ei oppleving av dårlegare livskvalitet, og opplevde i større grad at fysisk og psykisk helse avgrensa deira vanlege aktivitetar og

daglege gjeremål utanfor heimen, samt deira sosiale omgang med andre. Her var det spesielt dei som hadde opplevd vold og overgrep *både* før og etter fylte 65 år, som skilde seg særleg ut. Denne gruppa hadde og ein større grad av kroniske lidingar (ibid.).

Valdsutsette eldre kontaktar i liten grad tenesteapparatet for hjelp. Vald og overgrep i den eldre delen av befolkninga er framleis eit usynleg samfunnsproblem.

01.12.2008 vart det oppretta ein landsdekkande kontakttelefon for overgrep mot eldre;
tlf. 800 30 196. Kontakttelefonen skal kunne gi råd og rettleiing til den eldre sjølv og deira pårørande. Oslo kommune er ansvarleg for å drifte kontakttelefonen. Kontakttelefonen skal først og fremst være ei støtte til personar over 62 år som er utsette for vald. Sjå elles eiga prosedyre for handtering av melding om vald og overgrep mot vaksne, også eldre.

Temaet vald mot eldre har vore lite på dagsorden i Stryn kommune. Dersom det er laga prosedyrar på dette, er det ikkje godt kjent blant dei tilsette på til dømes omsorgssentera og i heimesjukepleien.

8.3 Vald og overgrep mot funksjonshemma

I denne handlingsplanen er funksjonshemma definert i vid forstand som personar med fysisk funksjonshemming, psykisk utviklingshemming, psykisk liding og personar med ulike former for rusvanskar.
Funksjonshemma er ei av dei sårbare gruppene som kan vere utsett for vald frå personar som vedkomande har nær relasjon til. Menneske i denne store gruppa har svært ulike individuelle eigenskapar og behov, men er på eit eller anna vis avhengig av hjelp frå personar rundt seg. Dette kan vere andre brukarar, pårørande, personar i nabolaget, personar frå hjelpeapparatet, personar frå skuleverket eller personar frå det frivillige organisasjonslivet. Den funksjonshemma har rett til å kjenne seg trygg og til å ha tillit til personar som skal yte naudsynt hjelp og støtte. Å vere avhengig av hjelp frå andre er å vere i ein sårbar eller utsett situasjon i høve vald og overgrep. Det er vanskeleg å melde vidare at ein nær person utøver vald. Det er funne at personar med nedsett funksjonsevne, har levd både lenger, og med alvorlegare former for vold, før dei oppsøkjer hjelpeapparatet, samanlikna med andre voldsutsette utan funksjonsnedsetting (Gundersen, Madsen et al.2014, Olsvik 2010).

Det er viktig at dei som yter hjelp gjer dette i eit samarbeid, så valden ikkje blir lett å skjule. Vidare at dei held tema vald og overgrep i nære relasjonar framme i medvitet, så dei kan vere merksame på endringar anten fysisk, t.d. blå-merke, eller psykisk, i form av åtferdsendringar. Ein må også tore å spørje den funksjonshemma og kvarandre i krinsen rundt den funksjonshemma, viss ein får mistanke om vald eller overgrep. Dette set krav til personleg mot, og til eit ivaretakande miljø slik at ein kan undersøke og kartlegge utan risiko for eigen situasjon. Det set også krav til gode prosedyrar, så hjelpeapparatet kan sikre for god handsaming av sakene.

Personar med utviklingshemming

Menneske med utviklingshemming er minst like utsett for vald og seksuelle overgrep som resten av befolkninga (Grøvdal 2013). Enkelte studie syner og at førekomsten av seksuelle overgrep mot personar med utviklingshemming er meir enn dobbelt så stor som hos befolkninga elles. Førekomsten estimerast til 12 % for kvinner, og 6% for menn (Kvam 2001). Dei fleste med utviklingshemming er i ein livssituasjon der dei er avhengig av andre, og ofte på fleire måtar må sleppe tenesteytaren tett inn på seg. Det er ifølge Grøvdal (2013) derfor ein fare for at menneske med utviklingshemming kan godta vald og overgrep som blir utført mot dei, på grunn av situasjonen dei er i. I tillegg kan dei ha eit stort ønskje om å «vere som alle andre». Denne tankegongen kan føre til at dei lar vere å gje beskjed om dei opplever vald, krenkingar eller overgrep, då dei kanskje kjenner på ei kjensle av skam (ibid). Større grad av utviklingshemming kan vere særleg utsett, då dei gjerne har større grad av nedsette kommunikasjonsevner, og i liten grad sjølv kan gje beskjed om dei er utsett for vald eller overgrep. Ein tenesteytar som er aleine med personen med utviklingshemming, vil heller ikkje sjølv rapportere at dei utøver vald ovanfor vedkommande, og slik får heller ingen vite om det. Grøvdal (2013) refererer til Tuck og Brown (1993) som meiner at vald mot menneske med utviklingshemming ofte blir verande skjult. Dette av at mange kan ha nedsett hukommelse og verbal kommunikasjon.

Eknes mfl. (2016) skriv at etisk refleksjon kan vere ein metode for å bringe tilsette sine negative haldningar til overflata, slik at dei kan rettast på. Lillevik og Øien (2014) skriv at det må leggast vekt på dialog mellom tenesteytar og brukar for å hindre utagering. I situasjonar ved utfordrande åtferd er det viktig at tenesteytaren handlar med høgast grad av etisk refleksjon, og at dei kan grunngje vala sine. Eknes m.fl. (2016) skriv at det kan sjå ut som etisk refleksjon vil vere viktig for å hindre vold mot menneske med utviklingshemming. Spørsmål tenesteytaren kan stille seg i arbeid med menneske med uforutsigbar åtferd kan vere;

- Kan dette løysast ved at eg og brukar snakkar saman?

- Kan dette løysast ved at eg trekk meg ut av situasjonen?

- Kan dette løysast ved at nokon andre overtek?

- Må eg gripe fysisk inn? (Lillevik og Øien 2014:107)

Tilsette i tenestene for miljø og velferd i Stryn kommune har rutinar for å varsle avvik dersom det er mistanke om vald og overgrep overfor brukarane deira. Ein ser likevel behov for betre prosedyrar kring tema, og at tema er meir på dagsorden for dei tilsette i tenesta.

8.4 Personar med fleirkulturell bakgrunn og vald

Vi har relativt mange framandspråklege innbyggjarar i Stryn kommune; overføringsflyktningar, personar med politisk asyl eller opphald på humanitært grunnlag, familiegjenforening og arbeidsinnvandrarar. Det kan vere ulike haldingar til bruk av t.d. fysisk vald i ulike kulturar. Krisesenteret melder også om utanlandske kvinner, gift med norske menn som må ty til opphald hos dei grunna vald og overgrep.

Samfunnsvald

Bakgrunnen til fleirkulturelle personar er ulik, og må behandlast deretter. Fleire av flyktningane kan ha vore utsett for vald og overgrep. Valden har ikkje nødvendigvis vore utøvd i nære relasjonar. Det kan vere strukturar som styresmaktene opprettheld, som gjer at dei har vorte utsette – strukturar dei har valt å flytte frå. Dette kan vere grunnen til at dei kjem til Noreg og Stryn. Vi må erkjenne at kultur og politisk styring i landa dei har flykta frå, ofte er regime der fridom for befolkninga ikkje er på dagsorden. Det kan faktisk vere slik at vald og overgrep, er meir regelen enn unntaket. Dette kan vere ei av årsakene til valds- og overgrepsproblematikk i denne gruppa. Det ein veit er at menneske som er utsett for vald og overgrep kan ha vanskar med å handtere utfordringar i livet utan å sjølve nytte vald.

Negativ sosial kontroll

Negativ sosial kontroll, eller ekstrem kontroll, handlar om ulike former for oppsyn, press, truslar og tvang som utøvast for at den einskilde skal leve i tråd med familien eller gruppa sine normer. Dette kan vere ei utfordring i nokre innvandrarmiljø, då det kan føre til ulike former for frihetsbegrensingar. I til dømes patriarkalske strukturar, der æresomgrepet er svært sterkt, vil samfunnet kring forsterke faren for slik vald, då den enkelte si åtferd vil bli overvaka av alle på vegne av familien.

Familievald

Kultur, familieoppbygging og religion er viktige årsaker til at vald og overgrep skjer. Når menneske i generasjonar blir utsette for vald, veit vi at dette blir den naturlege tilstanden. Det er derfor arbeidskrevjande å få offera til å forstå at dette er uakseptabelt, og at samfunnet kan og skal verne mot denne valden. På same måte er det vanskelig å få overgripar til å forstå sitt eige ansvar i dette, og at det faktisk er eit lovbrot. Det er og utfordrande å skulle lære overgripar anna åtferd i oppdraging og rettleiing av sin familie.

På grunn av desse utfordringane er det svært viktig at opplæringa om norsk kultur, lovar og reglar vert styrka. Tema ligg i læreplanen ved vaksenopplæringa, på lik linje med norsk og samfunnsfag.

Kjønnslemlesting (kvinneleg omskjering)

I nokre kulturar er kvinneleg omskjering djupt forankra i kulturell tradisjon, og det er blitt praktisert i tusenvis av år. Internasjonalt blir kvinneleg omskjering oppfatta både som svært skadeleg og traumatiserande inngrep, og det er forbode ved lov i dei fleste land. Inngrepet utførast i tillegg med tvang, og er derfor eit overgrep i dobbel forstand. Kjønnslemlesting er forbode ved lov av 1995 for kvinner og jenter som bur i Noreg.

Informasjon er viktig i denne problematikken. Tilbod om samtale med jenter og foreldre som kjem frå land der dette er utbredt, er eit viktig tiltak som kan førebyggje dette. Ein må møte jenter og kvinner med respekt og tolmod i desse sakene. Det er eit emne som er sensitivt å snakke om, og i tillegg tabubelagt, og må behandlast deretter.

IMDI (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet) har ansvar for fleire tiltak.

Tvangsekteskap

I ekteskapslova § 1 står det at «kvinner og menn har same rett til å velje ektefelle». Straffelova § 222, andre ledd, gjev forbod mot å inngå tvangsekteskap. Strafferamma er på seks år. Lova er lik for alle som oppheld seg i Noreg.

Dette er eit svært alvorle samfunnsproblem, og ein må ha effektive tiltak som forhindrar og førebyggjer tvangsekteskap. Vi må støtte og hjelpe dei ungdommane som vert trua med, eller er utsett for tvangsekteskap. Barne- og likestillingsdepartementet har utarbeidd eigen handlingsplan mot tvangsekteskap.

Nokre tiltak frå denne handlingsplanen:

- Styrke kompetanse og organisering i politidistrikta med mål om effektiv handsaming av lovverket.
- Prinsipp om menneskerettar og likestilling sentralt i norskopplæringa.
- Involvere trussamfunna.
- Kompetanseteam mot tvangsekteskap.
- Rettleiar og regional opplæring til hjelpeapparatet.

Barneekteskap

I Noreg har vi lovverk mot barneekteskap. I enkelte andre land er lovverket utydeleg, og gjev ein tilsynelatande «aksept» for barneekteskap. Dette undergrev det arbeidet som gjerast internasjonalt, og i opphavslanda i kampen mot praksis med barnebruder. I tillegg til kulturelle faktorar, er og fattigdom og manglande framtidsutsikter årsak til barneekteskap, slik også i dei landa der tvangsekteskap skjer.

Opplæring for nye landsmenn

Aktuelle tema innan norsk kultur, lover og reglar ligg inne i dei 50 timane med samfunnskunnskap i norskopplæringa ved Stryn vaksenopplæringssenter. Nokre emne er vanskelege å ta opp. Ei løysing kan vere at utanforståande kjem inn og underviser i dette temaet. Slik er det lettare å ta vare på ein god relasjon mellom elev og lærar. Det ligg føre undervisningsmateriell og brosjyre på 19 språk på emnet. Dette betyr at ein kan ta det tidlig i opplæringsfasen. Ved å undervise i tema, kan vi forhindre at nokon blir utsett for vald, og at utøvaren blir dømd for noko han/ho ikkje var klar over faktisk er eit lovbrot.

Det norske perspektivet

Noreg er eit fleirkulturelt samfunn. Det kan vere vanskelig for nordmenn å forstå dei regime mange menneske lever i ute i verda. Vi skal kanskje heller ikkje ta innover oss alt som skjer i verda. Samtidig må vi vere bevisst på at arbeidet vi utfører skal vere med på å hindre segregering, utanforskap og negativ sosial kontroll. Vi kan ikkje lenger velje om vi vil ha innvandring eller ei. Dersom menneske som er utsett for vald og overgrep skal få eit godt liv i Noreg, må tiltak styrkast og leggast til rette. Vi må bli flinkare til å informere om hjelpeinstansane som jobbar med denne gruppa. Vi må også styrke hjelpeapparatet i Stryn kommune slik at det er rusta til å ta imot menneske frå andre kulturar med alle deira utfordringar.

Særskilte omsyn i saker med vald

Når det blir avdekka vald mot menneske med fleirkulturell bakgrunn, gjeld same reglar som for etnisk norske, men ein treng nokre ekstra ressursar. Her er profesjonell tolketeneste avgjerande for å unngå misforståing og feiltolking av saka.

Dei som er utsett for valden kan ha ulike føresetnader for å forklare valden. I nokre land er det uvanleg å sjå på seg sjølv som eit individ. Mange vil sjå seg sjølv som ein del av ei stor gruppe og er ikkje vane med å tale si eiga sak. Dette er ikkje raskt å endre. Det er viktig at vi tek omsyn til dette i forklaring/avhør. Det er også viktig at vi set inn tiltak for barna som lever i familiar der mor og/eller far lever med traume, for å unngå at også barna utviklar traume.

9. Vald og overgrep relatert til rus

Rus er eit aukande problem når det gjeld vald og overgrep i nære relasjonar. I det følgjande snakkar vi om alkohol som rusmiddel, sjølv om også andre rusmidlar er viktige faktorar når det gjeld vald og overgrep.

Folkehelseinstituttet er bekymra over nordmenn si endring av drikkevaner over tid. Mange har tatt til seg kontinentale drikkevaner med alkohol kvar dag, men beheld og tradisjonell, nordisk festfyll. Dette aukar det totale alkoholkonsumet.

Omfang

Forbruket har auka med 40 % dei siste 20 åra. Undersøking i 2017 syner at personar over 15 år drikk 6 liter rein alkohol per år, fordelt på øl, vin, sprit og andre alkoholhaldige varer. I tillegg kjem grensehandel av alkohol, samt tax-free varer (Rusbrukslidingar FHI.no).

Det er forska på at stort rusforbruk aukar risiko for psykisk og fysisk vald både overfor partnar og born. Mange born er vitne til vaksne sin rusbruk. Der rusbruken er problematisk og/eller skadeleg høg, vil mange born ha dei same reaksjonane som når dei er vitne til vald i nære relasjonar. Dei observerer og opplever noko dei ikkje forstår. Dette kan vere endring i den vaksne si åtferd som følgjer av fasar i rusen, t.d. oppstemtheit, glede, krangling, tristheit og trøyttheit i ei rekkefølgje. Dette kan gi utryggheit og redsle for både vaksne og barn. Barn kan også reagere med frykt på åtferd som den vaksne meiner er morosam og ufarleg, men åtferda vert opplevd som ubehageleg for barnet. Ved bruk av rus viskast ofte grensene ut i høve kva som er akseptabelt å seie og gjere.

Konsekvensar for familien til den som er rusa; vald, utryggheit, frykt, uforutsigbar åtferd. Barn er særleg utsett pga. sårbarheit og avhengigheit av foreldra. Forsking syner og ein samanheng med auka risiko for å utvikle alvorleg rusbruksliding, dersom ein veks opp i ein heim med skadeleg alkoholforbruk. Noko som igjen aukar risiko for vald og overgrep.

Personar med psykiske lidingar og/eller rusrelaterte utfordringar, kan ha ein høgare risiko, og vere meir sårbare for vald, enn andre personar. I ei kartlegging av valdserfaringar blant personar under behandling for rusavhengigheit, syner at 21 av 26 kvinner har vore utsett for vald i ein nær relasjon. For 16 av kvinnene var valdsutøvar noverande, eller tidlegare partnar (ATV og Tyrilistiftelsen). Rusbruk og psykiske lidingar opptrer ofte saman, og gjev store utfordringar til desse gruppene. Det handlar ofte om svært komplisert samspel mellom ei rekke faktorar som genetisk sårbarheit, oppvekstilhøve, livshendingar og sosiale faktorar som sosialt nettverk og fattigdom. Kjenslemessige krenkingar, mobbing, fysiske og seksuelle overgrep i oppveksten er alle slike risikofaktorar for utvikling av rusbruklidingar.

Behandling

Sentrale tenester for oppfølging av personar som slit med rusproblem er fastlegen, kommunal ruskonsulent, sosialtenesta i NAV, psykiske helsearbeidarteneste og eventuelt andre omsorgstenester.

Rusbehandling er aktuelt når det er rusvanskar over eit visst nivå. Dei med rusvanskar kan tilvisast via fastlegen eller sosialtenesta i NAV. Behandlinga inneber både behandling til den med rusproblem, og støtte til familien rundt.

Brukarplan registrerar personar med psykisk helse- og rusproblem. Opplysingar om familieforhold inngår i registreringa, mellom anna om det er barn under 18 år i familien. Dette for å tilpasse tilbod om rusbehandling til den enkelte person og familien.

Ambulant team ved Nordfjord psykiatrisenter kan bistå i akutte saker med personar som har psykisk helse- og rusproblem. Frå 2017 har kommunane plikt til å gje akutt døgntilbod til denne gruppa, og Nordfjordkommunane har plan å knytte tilbodet til KAD (interkommunal akutt døgneining). Det er etablert støttegrupper for dei som slit med rusvanskar regionalt; rusettervern i S&F. Dei har oversikt over lokale tilbod i Stryn.

10. Rollen til dei ulike aktørar

Mange aktørar kan bli involvert i arbeidet mot vald og overgrep i nære relasjonar. Her kjem vi inn på dei ulike aktørane sin rolle i høve vald og overgrep.

10.1 Frivillige lag og organisasjonar si rolle

Lag og organisasjonar har eit rikt mangfald i Stryn kommune. I alle bygder og grender er det møteplassar for ulike interesser. Laga består av eldsjeler som aktiviserer si bygd på ein eller annan måte. Små plassar er gjerne meir gjennomsiktige enn store samfunn. Ofte veit ein mykje om kvarandre på slike plassar, banda kan vere tette, det gjev ei utfordring samtidig er det er ein stor verdi om det profesjonelle apparatet klarer å bruke det på ein god måte. Vi må gje lag og organisasjonar kunnskap, verktøy og tryggleik i å vere støttespelar og melde desse sakene til rette instansar. Vi må gje kvart enkelt individ styrke, støtte og kunnskap til å gje melding til rette instansar. Vald og overgrep er svært alvorlig. Utfordringa og sakene må alltid takast hand om av det profesjonelle apparatet. Frivillige kan berre gje generell støtte til enkeltpersonar og ikkje gå inn i ulike faginstansar sine oppgåver.

Alle personar er etter lova pålagde å gje melding ved mistanke om alvorleg vald og overgrep, jf. Straffelova av 1902, § 139. Lova er innskjerpa når det gjeld plikt og ansvar for å melde alvorleg vald.

Kunnskapsbygging

For å få folk til å ta ansvar i alvorlige saker, er det viktig at ein legg stor vekt på god kunnskap og tryggleik i arbeidet. Nokre organisasjonar har eigne program om problemstillinga, til dømes Redd Barna og Røde Kors. Å nytte desse organisasjonane kan vere ein veg å gå for å få ut informasjon og kunnskap om vald og overgrep. På sentralt hald er det god kunnskap og kompetanse på feltet.

Ved at fleire får tilgang på fakta og hjelp til å bygge ned tersklane, vil avdekking skje.

10.2 Politiet si rolle

Politiet har mange oppgåver, mellom anna førebyggje og motverke kriminalitet, verne person og eigedom, yte hjelp og service i nødstilfelle og andre akutte situasjonar, og forfølgje straffbare forhold.
Politiet si etterforsking av vald og overgrep i nære relasjonar er ein del av etaten si verksemd for å redusere valdskriminalitet, som er eit prioritert saksområde. Etterforsking skal gjennomførast raskt og effektivt. Politiet skal vurdere bruk av tiltak for å verne personar som er utsette for vald og overgrep (fornærma). Politiet samarbeider med andre etatar, institusjonar og organisasjonar som kan gje kvalifisert hjelp. Dette er krisesenter, legevakt, fastlegar, barnevern, advokatar, NAV med fleire. Alle tenester er gratis for fornærma.

Bruk av digital vald har blitt stadig meir utbredd. Dei som blir utsett for digital vald kan gå til politiet for å diskutere saka, der politiet kan gje råd om kva ein kan gjere vidare; om ein bør melde saka, eventuelt arrangere eit møte med motparten for konfliktløysing. Når det gjeld sensitive bilete på avveie kan politiet gje hjelp til å få slette slikt materiale ved å kontakte dei som har fått bileta og/eller kontakt med nettenesta bileta er delt gjennom. Politiet jobbar førebyggande kring digital vald, der dei er ute på barne- og ungdomsskular og held føredrag om nettvett.

Vest politidistrikt har familievaldskoordinator i heil stilling. Stryn lensmannskontor har også etterforskarar med brei kompetanse på saksfeltet. Kontakt gjerne lokalt politi for råd og rettleiing. Politiet vil gje ytterlegare opplysningar om saksgong, melding og etterforsking, ansvar og rettar, vitneplikta og kven som ikkje har plikt til å vitne, bistandsadvokat, valdsoffererstatning med meir.

Politiet har tiltak for å sikre tryggleiken

Straffelova set klare forbod mot truslar og vald. Einkvar borgar har krav på eit liv utan vald eller truslar. Politiet kan sette i verk tiltak for å sikre tryggleiken til personar utsette for vald og for å hindre nye valdshandlingar. Tiltak er t.d. tryggleiksalarm, kontaktforbod (besøksforbod), tryggleik for vitne o.a. Det er ikkje alltid naudsynt med melding for å få tryggleiksalarm og andre tiltak for sikring, men det må vere ei reell årsak som ligg til grunn. Politiet vurderer ev. tiltak og gir råd og rettleiing.

Melding og påtale

Ofte startar saka ved at personar utsette for vald, sjølv møter hos politiet og melder saka. I andre tilfelle kjem politiet til kunnskap om hendinga via andre eller i samband med eit politioppdrag. Vald er ei handling som ikkje kan aksepterast, og bør som hovudregel meldast. I saker som gjeld nære relasjonar er det ofte sterke band og kjensler mellom partane noko som kan gjere det vanskeleg å melde forholdet. Nokre gonger kan det vere frykt for represaliar som er årsaka for å utelate melding.

Erfaringa er at ein legg for stor vekt på denne redsla. Melding medverkar til at terskelen for utøving av vald og overgrep vert høgre og effekten førebyggjande.

Vald og overgrep i nære relasjonar er undergjeve ubetinga offentleg påtale. Det vil seie at politiet på eige initiativ skal opprette melding grunna «allmenne omsyn», sjølv om fornærma ikkje ynskjer å melde saka og begjære tiltale og straff.

Ei melding er ofte starten på ei straffesak som fører til ytterlegare etterforsking, avhøyr med meir og som kan ende med rettsleg avgjersle som førelegg eller dom.

Tilsette i offentlege organ har meldeplikt til barnevernet. Opplysningar om vald og overgrep i nære relasjonar kan på den måten nå politiet. Likeins har dei meldeplikt til politiet etter straffelova av 1902 § 139 for å avverje nye straffbare handlingar, og rett til å melde saka, jf. forvaltningslova § 13b, 1. ledd nr. 6.

Bistandsadvokat, jf. Påtaleforskrifta § 9a

Den valdsutsette (fornærma) har i mange høve krav på offentleg oppnemnd bistandsadvokat (forsvarar) både under etterforskinga og under hovudforhandlinga. Dette gjeld mellom anna ved kvinnemishandling, seksuelle overgrep, besøksforbod som skal behandlast av retten, tvangsekteskap med meir. Politiet kan gje nærare opplysningar om ordninga med bistandsadvokat.

Barnehuset – tilrettelagte avhøyr

Barnehuset er eit tilbod til barn og unge når det er mistanke om at dei kan ha blitt utsett for eller vore vitne til vald eller seksuelle overgrep. Målgruppa omfattar også vaksne med psykisk utviklingshemming, og unge under 18 år som kan ha vore utsett for tvangsekteskap.

Utgangspunktet for å kome til Barnehuset er ei melding til politiet. Politiet kan som ein del av etterforskinga velje å gjere eit avhøyr av den som har vore utsett.

Straffelova § 239 e) viser til differensierte lengstefristar på ei, to og tre veker for gjennomføring av tilrettelagte avhør, frå forholda blir avdekka. Fristane blir vurdert ut i frå alvorsgraden av meldinga. Tilrettelagte avhør skal også ha høg kvalitet, slik at dei kan førast som bevis i retten. Politiet har eigen utdanna personale som tek avhør på Barnehuset.

For å senke terskelen for at det blir meldt frå om saker om vald og overgrep mot dei mest sårbare til politiet, er hovudregelen at tilrettelagte avhør på Barnehuset skal takast utan at mistenkte blir sikta eller varsla om det første avhøret. Ofte organiserer politiet slik at avhør av mistenkte og barnet skjer på same tid. Målet for Barnehuset er å styrkje barn si rettssikkerheit og sørgje for god ivaretaking av barn og familiar. Tanken bak eit Barnehus er at alle offentlege instansar skal kome **dit barnet er**, og ikkje omvendt.

Barnehuset tilbyr;

- Spisskompetanse på traume, seksuelle overgrep, vald og vitne til vald i nære relasjonar.
- Tilrettelegging av dommaravhør og medisinske undersøkingar i barnevennlege omgjevnadar.
- Koordinering av det tverrfaglege samarbeidet.
- Korttidsterapi, oppfølging og behandling.
- Støtte og rettleiing til barn og pårørande.
- Rådgjeving og konsultasjon til offentlege aktørar og privatpersonar.

Stryn kommune høyrer til Barnehuset som ligg i Førde, som ei underavdeling av Bergen. Det er ei utfordring at det er langt til Barnehuset. Det kan vere vanskeleg å få til vidare oppfølging frå Barnehuset for barn og familiar på grunn av avstand. Det kan også vere vanskeleg å koordinere det tverrfaglege samarbeidet for dei som sit i Bergen eller Ålesund. Ein ser likevel at barna blir mykje betre ivareteke og har ei betre oppleving av avhøret når det blir gjennomført på Barnehuset. Som offentlege tilsette er det viktig at ein veit at Barnehuset finst, om ein treng rådgjeving og konsultasjon i saker.

10.3 Legetenesta si rolle

Legetenesta er ein viktig instans både ved avdekking, kartlegging og vidare handtering av sakar med vald i nære relasjonar.
I vurderinga som legetenesta gjer i høve melding til politiet, er det fleire omsyn å ta. Kva er konsekvensar ved å melde saka, og kva er konsekvensen ved å la vere å melde saka? Kva er dei ulike konsekvensane for offer, vitne, valdsutøvar?

Til støtte for eige skjønn, vil konkrete og tydelege prosedyrar seie korleis ein skal handtere sakene. Det er også høve til å diskutere saka internt i legetenesta og med barnevern eller med politiet, anonymt viss ynskjeleg.

Fastlegen si rolle

I konsultasjonar har fastlegen høve til å bringe sårbare tema opp i dagen. Dette gjeld m.a. rus, og ulike former for vald og overgrep. Når fastlegen er bevisst på tema, er det mogleg å sjekke ut om pasienten er utsett for vald, på same måte som legen kartlegg andre aktuelle symptom. Fastlegen sitt kjennskaps- og tillitsforhold til pasienten gjer at pasienten lettare kan kome fram med informasjon om vald og overgrep i nær relasjon. Tema vald må fokuserast på «autopilot» slik at fastlegen rutinemessig legg til rette for at pasienten *vil* ta opp vald og overgrep i nære relasjonar når det er aktuelt.

Samtalen kan i enkelte høve vere førebyggande for vidare utvikling av valden og er dermed eit viktig tiltak for å stoppe vald.

Fastlegane står framfor kursing og kompetanseheving i vald- og overgrepsproblematikk, og får også nytte av prosedyreverktøy som vert utvikla ved Nordfjord legevakt (NLV)

Legevakttenesta si rolle

Når legevakta kjem inn i bildet er ofte valden allereie skjedd, og offer søker hjelp. Legevakta kan yte fysisk og psykisk førstehjelp, den sikrar bevis, sørgjer for vidare oppfølging i form av vidare helsehjelp og i vurdering av melding til barnevern og/ eller politiet. Jf. også her meldeplikt til barnevern der barn lid under vald i nære relasjonar .

Det vert jobba med system og prosedyrar ved Nordfjord legevakt for å sikre god kartlegging og oppfølging av valdsutsette pasientar. I samsvar med krav i akuttmedisinforskrifta, skal alle legevaktlegar og hjelpepersonale få kursing og kompetanseheving i handtering av vald og overgrep.

10.4 Tannhelsetenesta si rolle

Tannhelsetenesta samarbeider med barneverntenesta med det mål å kunne avdekke omsorgssvikt og overgrep mot barn og unge i aldersgruppa 0 – 18 år. Barneverntenesta og tannhelsetenesta i Stryn har samarbeidsmøte ein gong årleg.

Alle barn mellom 3 og 18 år blir regelmessig innkalla til tannklinikken for å sjekke tenner og munnhole, og her vil ein også sjå hovud og halsområde i godt lys. Dersom barn og unge kjem til tannklinikken med traume mot tenner eller kjeve, vil det bli tatt kliniske blider av skaden i tillegg til røntgenbilde. Registrering av skaden, samt opplysningar om kva som har skjedd bil bli journalført.

Tannhelsetenesta har plikt til å kontakte barneverntenesta ved mistanke om omsorgssvikt og/eller overgrep. Barneverntenesta kan også hente inn informasjon frå tannhelsetenesta.

10.5 Krisesenteret si rolle

Sidan 1985 ved etableringa av «Krisesenteret i Sogn og Fjordane», Florø, har Stryn kommune gjeve årlege tilskot til den private stiftinga.
Frå 2010 vart kommunane ved lov, pålagd å ha eit heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald, eller trugsmål om vald, i nære relasjonar.

Frå 2011 har kommunane det fulle økonomiske ansvaret for krisesentertilbodet og tilbodet vert i gamle Sogn og Fjordane organisert med Kinn kommune som vertskommune. Kinn kommune har inngått avtale om kjøp av teneste frå stiftinga Sogn og Fjordane krisesenter som held til i tenlege lokale i Florø.

Oppgåvene til krisesenteret:

- Gje personar som er utsette for vald og overgrep eller trugsmål om vald i nære relasjonar, støtte, rettleiing og hjelp til å ta kontakt med andre delar av tenesteapparatet.
- Tilbodet skal omfatte kvinner, menn og barn
- Gje gratis, trygt, mellombels butilbod heile døgnet og heile året.
- Gratis dagtilbod (for råd og rettleiing).
- Tilbod om råd og rettleiing på telefon heile døgnet og heile året.
- Oppfølging i rehabiliteringsfasen.

Krisesenteret er meint å ha sin viktigaste funksjon i ein overgangsfase før det ordinære hjelpeapparat med sine tiltak tek over oppfølginga. Vald og overgrep i nære relasjonar omfattar så vel trugsmål som psykisk og fysisk vald.

krisesenteret. Kontakt kan også bli formidla via hjelpeapparatet.

Krisesenteret i Sogn og Fjordane har tlf. 57 74 36 00.

10.6 Andre aktørar si rolle i høve seksuelle overgrep

Frå 2016 er det spesialisthelsetenesta som har ansvar for oppfølging/ kartlegging i akuttfasen av personar som har vore utsett for seksuelle overgrep og som er over 16 år. Sentralsjukehuset i Førde samarbeider med SYS IKL sitt Overgrepsmottak i Førde om dette. Fastlegen og eller legevaktlegen tilviser dit.
Kommunane har ansvar for andre type valdssaker i nære relasjonar. Stryn kommune har som dei fleste andre Nordfjordkommunane vald å legge oppfølgingsansvaret for vald i nære relasjonar saker til fastlege og Nordfjord legevakt fordi det er vurdert som mest føremålstenleg og mest brukarvenleg.

For personar som har vore utsette for incest og seksuelle overgrep, er Nok. Sogn og Fjordane (tidl. SMISO) i Førde, eit godt tilbod for samtalehjelp og oppfølging. Nok. Sogn og Fjordane er ei privatstifting finansiert av tilskot frå stat og kommune.
Føremålet er å bidra til at menneske som har vore utsett for incest og seksuelle overgrep opplever moglegheiter for å leve med historia si. Vidare å bidra til utvikling og formidling av kunnskap for å kjempe mot og førebygge seksuelle overgrep i fylket. Dei besøker m.a. skulane med informasjon- og opplysningsverksemd.

Stryn kommune yter årleg driftstilskot.

Nok. Sogn og Fjordane: tlf. 57 72 10 70 / 948 92 823

10.6.1 NAV si rolle

Tilsette ved NAV-kontoret kjem i kontakt med personar og familiar i mange ulike situasjonar. NAV skal gje opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løyse eller førebygge sosiale problem. Dersom tenesta sjølv ikkje kan gje slik hjelp, skal den syte for at andre gjer det.
Rusomsorga i Stryn kommune er ein del av NAV sine tenester. Gjennom råd, rettleiing og hjelpetiltak skal NAV hjelpe den enkelte å kome vekk frå misbruk av alkohol og andre rusmiddel. Ein er også pliktig å yte hjelp til den rusavhengige sin familie. NAV skal syte for behandlingsopplegg for dei som ynskjer det, og syte for tilrettelagd ettervern etter behandling.

NAV skal medverke til å skaffe bustadar til personar som ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden, inkludert rusavhengige.

NAV vil vere ein viktig samarbeidspart for Krisesenteret for å hjelpe personar som ikkje har bustad etter eit opphald der. NAV er forplikta til å finne mellombels husvære til dei som ikkje klarer det sjølv, når ein person eller familie er i ein akutt naudsituasjon.

11. Tiltak

Eit av måla med handlingsplanen mot vald og overgrep i nære relasjonar er å auke medvit om tema i hjelpeapparatet. Auka medvit vil truleg føre til auka tal meldingar. Det er også eit mål å ha system for systematisk hjelp til offer av vald og vitne til vald og tilbod om behandling for utøvar av vald.

11.1 Korleis nå dei ulike måla?

Hovudmålsetjinga er å førebygge, avdekke og hjelpe menneske som opplever vald og overgrep i nære relasjonar.
Alle tilsette i offentlege tenester som møter innbyggjarar som er eller har vore utsette for vald, har ansvar for å førebygge, avdekke og hjelpe. Nasjonal statistikk viser at få saker blir varsla, i høve tal faktiske tilfelle av vald og overgrep. Det er store mørketal. Dette tyder på at også offentleg tilsette vegrar seg for å melde frå. Vi må arbeide for å endre eigne og andre sine haldningar til det å melde frå. Å la vere å agere i saker der vi er vitne til eller får mistanke om at nokon er utsette for vald og overgrep, kan få svært alvorlege konsekvensar for den eller dei personane det gjeld.

Alvoret blir understreka ved at lova no gir rett til å dømme personar som bevisst unnlat å varsle om vald og overgrep i nære relasjonar.

Verkemiddel for å nå måla er m.a. auka kunnskap, samarbeid på alle nivå og prosedyrar.

11.1.1 Kunnskap

Vi treng auka og felles kunnskap om temaet, både innan offentlege tenester og privatpersonar/frivillige aktørar. Auka kunnskap om vald og overgrep vil rokke ved tabu. Det er viktig både for hjelpeapparatet, den som blir utsett for vald og den som utøvar vald. Nyare forsking viser mellom anna at det kan gjere stor skade for barn å vere vitne til vald/overgrep. Auka kunnskap om rettar og hjelpetiltak vil verke førebyggande.

11.1.2 Samarbeid

Det offentlege hjelpeapparatet er samansett av ulike tenester; både kommunale, fylkeskommunale og statlege. Det er viktig at tenestene samarbeider, til beste for den enkelte som har blitt utsett for vald.

Tenestene i Stryn kommune samarbeider tverretatleg også i saker som gjeld vald i nære relasjonar. Vi viser til eigne prosedyrar vedlagt handlingsplanen.

Eit døme på tverretatleg samarbeid er Stryn kommune si MOT-avtale. Avtalen er eit av tiltaka i Ruspolitisk handlingsprogram, og rettar seg mot barn og unge i heile kommunen. Formålet med MOT er å jobbe aktivt for eit godt oppvekstmiljø for barn og unge.

Dei offentlege tenestene i Stryn kommune er avhengige av samarbeidet med innbyggjarane. Både privatpersonar, lag og organisasjonar må ta del i det førebyggjande arbeidet og melde vidare til det offentlege ved mistanke om vald og overgrep i nære relasjonar.

11.1.3 Betre føre var

Vald og overgrep i nære relasjonar er oftast gjentatt, og av dei som har opplevd vald og overgrep i nære relasjonar er omlag 90 % gjenteken vald. Førebygging av vald i nære relasjonar kan skje på fleire stadium, både før valden oppstår og ved å stanse pågåande vald. Dette kan hindre vidare valdskriminalitet, både innanfor det aktuelle forholdet og ved eventuelle seinare relasjonar valdsutøvaren måtte inngå i. Å stanse pågåande vald vil minske risikoen for at barn som opplever vald i familien veks opp til sjølv å bli utsett for, eller utøvar av, vald og overgrep i nære relasjonar.

NKVTS skriv m.a. i ein rapport om førebygging av fysiske og seksuelle overgrep mot barn:

- Hovudtilnærminga for førebygging av seksuelle overgrep har vore skulebaserte undervisingsprogram. Evaluering av slike program syner at dei kan bidra til auka kunnskap og ferdigheiter blant barn, men dei fører ikkje alltid til reduksjon i talet av overgrep.
- Det er trong for å utvide fokus for førebygging av seksuelle overgrep mot barn frå ei einsidig tilnærming som rettar seg mot barnet/ungdommen, til å prøve ut andre tiltak som er retta mot foreldra, profesjonelle (lærarar, helsearbeidarar, forskarar/klinikarar) og befolkninga generelt.
- Det er stort behov for å koordinere det førebyggande arbeidet som blir gjort.

11.1.4 Hjelpe- og behandlingstilbod til valdsutøvar - Familiekontoret

Alle har rett til å leve eit liv utan vald og overgrep. Det siste tiåret har det i aukande grad blitt retta merksemd mot hjelp og behandling til den som utøver valden. God hjelp til valdsutøvarar, i tillegg til eventuelle strafferettslege verkemiddel, er naudsynt i eit førebyggande perspektiv. Hjelpe- og behandlingstilbod til valdsutøvar er ein del av den heilskaplege innsatsen i arbeidet mot vald og overgrep i nære relasjonar.

Hjelpe- og behandlingstilbod til valdsutøvar er styrka dei siste åra. Nasjonalt har Alternativ til vald (ATV) har ein sentral rolle i dette tilbodet. I tillegg kjem bruka av sinnemeistringsmodellen som er utvikla ved St. Olavs hospital, avdeling Brøset (Brøsetmodellen), samt tilboda i regi av Bufetat sine familievernkontor. I Nordfjord har ein fått særleg opplæring i modellen: Enkel og Effektiv aggresjonskontroll, utvikla av Per Isdal som er fagleg leiar i ATV. Denne arbeidsmetoden prøvar Familiekontoret i Nordfjord ut både individuelt og med par. Dette tilbodet er nok likevel ikkje aktuelt i dei meir alvorlege valdssakene. Reform – ressurssenter for menn har også gode tilbod til menn, tilgjengeleg digital informasjon og gruppetilbod.

Steinar Sunde, psykologspesialist ved Familiekontoret i Molde, og opprinneleg frå Stryn, har utvikla programmet «Litt Sint». Dette er ein App som kan lastast ned på mobil, og som også kan bidra til å regulere sinne og åtferd særleg mellom foreldre og barn.

Dagens hjelpe- og behandlingstilbod til valdsutøvarar omfattar både gruppebaserte tilnærmingar og individuelle samtaler gjennom ulike behandlingsmetodar. Det er samarbeid mellom dei ulike aktørane på feltet. Familiekontoret i Nordfjord har ikkje gruppetilbod, men tilbyr individuelt og parbasert arbeid ved vold/ sinne, der alvorsgrada ift vold ikkje er for høg.

Når valdsutøvar får eit terapeutisk tilbod, er det viktig at også den valdsutsette og eventuelle barn får tilbod om oppfølging. Saker med alvorleg vald er utfordrande og krev god erfaring og kompetanse om vald i nære relasjonar og sikkerheitsarbeid i familievaldssakar. Dei regionale ressurssentra om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging (RVTS), bidrar med metodeutvikling og kompetansespreiing.

11.1.5 Hjelpe- og behandlingstilbod for barn som utøver vald - BUP Nordfjord

Eit viktig tiltak for å førebygge vald, samt å avgrense dei negative konsekvensane av valden, er å tilby psykologisk behandling til både offera for, og utøvarar av, vald og seksuelle overgrep. For at barn eller ungdom som utøver vald, skal klare å ta imot hjelp og jobbe med sine eigne vanskar, er det enkelte vilkår som først må på plass. Det er avgjerande at dei har ein stabil heimesituasjon, ein god skulekvardag og ei meiningsfylt fritid. Det kan vere naudsynt med ulike typar tiltak for å sørgje for ein slik stabilitet, til dømes meir bistand, ressursar og rettleiing til foreldre. Det er også viktig å ha eit fokus på «tole» barnet/ungdommen på alle arenaer han eller ho er; dette er særskilt viktig i skulen.

På BUP Nordfjord vil barn eller ungdom som utøver vald få eit tilbod om kartlegging og behandling. Det vil vere veldig individuelt kva kvart enkelt barn treng, og det vil såleis vere viktig at BUP gjer ei grundig utgreiing og kjem fram til ei god forståing av barnet. Enkelte har andre grunnlidingar, som kanskje må behandlast først. Behandlinga vil såleis vere skreddarsydd til det enkelte barn sine behov og kan vere samansett av individualterapi, foreldrerettleiing, familieterapi, systemarbeid eller kombinasjonar av desse behandlingsformene.

Viktige element i behandling av barn som utøver vald, vil vere *samarbeid* og *tilrettelegging* mellom alle involverte parter, frå skule, via barneverntenesta, til BUP. Det er også viktig at alle hjelparar har god nok kompetanse i høve til kva som kan liggje bak valdsutøvinga, og at ein finn fram til ei *felles forståing* av barnet sine vanskar og kva som ligg til grunn for valden.

Det kan vere behov for valdsrisikovurdering, noko som BUP Nordfjord har kompetanse til å gjere. I mange saker der barn utøver vald vil det vere naudsynt og nyttig at ein utarbeider tryggleiksplaner/ kriseplaner.

I mange tilfelle med barn/ungdom som utøver vald, vil ikkje barnet sjølv ønskje behandling, men det er andre rundt barnet som «eig» problemet. Dette kan gjere det ekstra utfordrande å gje nyttig helsehjelp. Behandling av barn som utøver vald vil generelt krevje mykje tid og ressursar. Det vil vere naudsynt å halde mange tiltak i gang over tid, og det er viktig at ein ikkje avsluttar tiltak for raskt.

11.1.6 Prosedyrar

Dei ulike tenestene treng tenleg verktøy for å kunne førebyggje, avdekke og hjelpe. Vi må derfor utarbeide gode prosedyrar for å handtere saker som gjeld vald og overgrep. Prosedyrar skal sikre at privatpersonar, frivillige aktørar og offentleg tilsette skal kunne handle raskt, rett og effektivt om ein får kjennskap til vald og/eller overgrep i nære relasjonar. Nokre prosedyrar er gjennomgåande slik at

dei gjeld på tvers av etatar og tenester. Prosedyrar ligg på kommunen si heimeside, og for kommunalt tilsette finnast dei òg i Kvalitetslosen.

For frivillige lag og organisasjonar gjeld same prosedyrar som for privatpersonar i høve kontakt med hjelpeapparatet ved avdekking av vold. Styra i organisasjonane kan brukast til å minne medlemane på kva som er rett framgangsmåte, og til å halde fokus på problemstillinga.

Gjennomgåande prosedyrar finn de som vedlegg til planen.